

Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 2 · 2024
95. årgang



Redaksjon

post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

VIPPS: #650484

Stab

Sokneprest: Dag Harald Undheim
90778 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Kyrkjeverje: Petter Jakobsen
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Diakon: Ingunn Liseter
976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

Kantor: Kjetil Bergheim
918 41 306 | kjetil@seljordkyrkje.no

Kyrkjeterar:
Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943

Einar Heggveit
958 75 756

Sokneråd
Leiar: Kristian Espeland
908 77 604 | kristian@telerevisjon.no

Heimeside
www.seljordkyrkje.no

Forsidebilete:
Sokneprest Dag Harald og diakon Ingunn
saman med konfirmantane i Åmotsdal
kyrkje på konfirmasjonsdagen 17.08.24.

Jesus er Guds andlet

Dag Harald Undheim

Finnes Gud – Og korleis er Gud

Når me tek eit raskt oversyn over den vestlege filosofihistoria, vil me raskt sjå at det er nokon spørsmål som stendig kjem attende. Det er spørsmåla knytt til Guds eksistens – om Gud finnes, og korleis Gud er – kva for eigenskapar har Gud.

Den eine filosofen har ikkje før svart på desse spørsmåla, før ein ny trekkjer svara til den førre i tivil.

Også Paulus møtte denne problemstillinga medan han levde og virka. Ein gong i Aten kom han over eit altar med denne innskrifta: «For ein ukjend Gud».

Paulus tok den gongen eit oppgjer med den atenske tankegangen, med desse orda:

For då eg gjekk omkring og såg på heilagdomane dykker, fann eg eit altar der det stod skrive: 'For ein ukjend Gud.' Det som de tilbed utan å kjenne, er det eg forkynner dykk (Apg 17,23)

Gud er ikkje ukjend – Jesus har synt oss kven Gud er. Gud let seg ikkje bevise ved hjelp av matematikk og logikk. Men Jesus – som er Gud – har synt oss kven og kva og korleis Gud er. Dette vert understreka om att og om att gjennom Det nye testamentet. Allereie i evangelisten Johannes si versjon av joleevangeliet kjem dette klårt fram:

*Ingen har nokon gong sett Gud,
men den einborne Gud,
som er i fanget til Far,
han har synt oss kven han er (Joh 1,18).*

Det same kjem fleire gonger attende utover i Johannesevangeliet – til dømes når Jesus i kap 14,9 seier til Filip: «Den som har sett meg, har sett Far».

Hebrearbrevet går mykje langt i si utdyping av dette, når det vert skrive at Jesus er sjølve avgansen av den allmektige: «Han er utstrålinga av Guds herlegdom og biletet av hans vesen» (Hebr 1,3).

Dermed er konklusjonen ut frå Bibelen ikkje berre at Gud finnes, men at me gjennom å studere Jesus og hans gjerninger på jordi kan danne oss eit bilet av korleis Gud er. Slik Jesus er – slik er Gud. Dei eigeskapane Jesus har, speglar dei eigenskapane Gud Fader har.

Jesus er Guds andlet.



 **Flatdal Handlaft as**
Telemark

www.flatdalhandlaft.no



3841 Flatdal

Tlf 350 57005 Mob 971 53661

Pilegrimsvandring og folkemusikkmesse



Vandrarane

Jonsokeftan arrangerte soknerådet og sogelaget pilegrimsvandring og folkemusikkmesse.

Pilegrimsvandringa gjekk frå Trollebotn til Nes på Garvikstrondi. Vandringa gjekk i fotefara til Sterke Nils. Ragnar Haugstøl var turleiar, og saman med mellom anna Reidun Øverland og Kjetil Bergheim syta han for at turen fekk eit mykje interessant innhald.



Samling ved Neslandstjønni



Tidsbilete frå Sterke Nils si tid – framført av Ragnar og Reidun på garden Langedal

Då me kom til garden Nes på Garvikstrondi, hjå Torkjell og Kristoffer Hoff, blei det arrangert folkemusikkmesse på gardstunet.

Mykje folk var med på vandringa og enno fleire fann vegen til folkemusikkmessene.

Etter messa var det høve til feiring av Jonsokeftan på strondi til garden Nes.



Samling på Nystaul

Stor fjellmesse på Skuldalen



Forsamlingen på Skuldalen

Denne sommaren har soknerådet arrangert fjellmesse på Skuldalen gard i Åmotdal, nærmere bestemt sundag 21. juli.

Vertskapet på Skuldalen hadde lagt absolutt alt til rette for ein stor kyrkjesundag, og slik blei det.

Nært opp til 200 fann vegen til Skuldalen. Når messa var slutt var det god tid til mat og sosialt samvære.

I tillegg til vanleg messeprogram, var det mykje folkemusikalske innslag. Kjell Hove deltok med kveding, medan Lars Erik Øygarden deltok med mange slåttar på fele. Dessutan framførde Kjetil Bergheim Edvard Griegs versjon av Skuldalsbruri på piano.

Ei stor oppleveling for dei mange som var til stades.



Lars Erik Øygarden og Kjell Hove



Kjetil Bergheim

Saman får vi det til!



I mai var det dugnad på alle tre kyrkjegardane i soknet. Mange møtte til innsats og gjorde eit godt stykke arbeid. Hjarteleg takk for innsatsen!

*Ingunn Liseter
Diakon*

Åmotsdal har tårnagentar!

I Åmotsdal kyrkje blei ein god flokk, tårnagentar i april. Då må ein ha på hørselvern og gå opp alle trappene til tårnet der kyrkjeklokka er, og vippes er du ein tårnagent!!

Leite og finna, utforske og bli kjende med kyrkja si er eit viktig oppdrag som tårnagent. Takk til dei som møtte og deilig kyrkjesaft etterpå!



granvin kulturhus
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.
Kjøp billett på www.granvinkulturhus.no på grunn av smittevern.*

Granvin Kulturhus AS
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80
Epost: post@granvinkulturhus.no
www.granvinkulturhus.no

Dyrud Elektro AS

Aut. Installatør

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no



Når du trenger elektriker

Konfirmant 2024

Konfirmasjonane er historie og 29 flott ungdomar har gått på eigne bein fram til alterringen og knela. Dei har bekrefta at dei vil høre til i det kristne fellesskapet og ei verdsvid kyrkje. Eit val som ikkje stiller krav, men har gitt dei kjennskap og kunnskap om trua og kristenlivet.

Erfaringar og minner som set spor for livet og i livet. Saman har vi feira gudstenester og ljosmesser i lokale kyrkjer, tent ljos og syng pilegrimsvelsigninga (Må din veg komme deg i møte), nokre har vore på leir og synge leirsongen

«Opphøyd er Jesus, halleluja».. Inspirert av nestekjærleikboden: «Du skal elska din neste som deg sjølv: og den gylne regel « Den største glede du kan ha, det er å gjere andre glad», har Ung møter eldre – generasjonsmøte på institusjonane våre noko dei ynskjer meire av – og det vil fortsette.

Tusen takk til institusjonane og konfirmantane for gjestfridomen!

HJARTETAKK til konfirmantane – og føresette for hjelp og støtte.

Diakon og trusopplærar Ingunn Liseter

Leirsongen 2024

REFR: ./:Halleluja opphøy Jesus
Han er Konge over hele jorden

Halleluja opphøy Jesus
Han er Konge i evighet:/:

Himmel og jord er skapt av Gud
Fjell og hav er i Hans hånd

Alt liv som lever

Alt som har ånde

Er skapt for å prise Gud

REFR: Halleluja opphøy Jesus... 1.g.

Jesus er Seierherren vår

Allting er Ham underlagt

Død ble til seier

Han er beviset

Kristus Kristus har all makt

REFR: ./:Halleluja opphøy Jesus...:/:

Mi salme

Reidun Øverland

Eg er veldig glad i salmesong, særleg dei gamle og kjende, som t.d. «Med Jesus vil eg fara», «Herre Gud, ditt dyre namn og ære», «Eg veit i himmerik ei borg», «Fagert er landet», for å nemne nokon.

Ein knyter forskjellige salmar til forskjellige situasjoner, slik at ei salme kan få ei ekstra sterkt tyding. «Ein fin liten blome» er ei slik salme for meg. Den framførde Nils Ole Lien så vakkert i Vinje kyrkje i gravferdi til mor mi for ein del år sidan. Sidan den gongen har den vekt sterke kjensler i meg.

Andre salmar er ekstra fine å lye til at andre syng. Når eg hører den svenske vokalgruppa The real group framføre «Den blomstertid nu kommer», tenkjer eg at det må vera slik musikk dei har i himmelen... Og når me fyrst er i den retninga, så må eg også nemne at eg synest «I himmelen i himmelen» er veldig fin.

Men eg er altså utfordra til å velje meg ei salme. Då er det helst salmar med tonedrakt frå dei gamle folketonane eg føretrekkjer. Salma «Nu solen går ned» opplever eg har ei heilt eiga stemming i seg. Slikt kan vera litt vanskeleg å forklare, men det er som om teksten og tonane gjev ei slags trygg hamn, som å koma heim. Den formidlar eit bodskap på ein enkel, varm og nær måte, endå den vart skriven for over tre hundre år sidan. Å tenkje på at menneske som levde då song dei same linjene, er også med på å gjera opplevinga rikare. Eg synest orda og den gamle folketonenen frå Vestfold til saman gjev ei heilt unik kraft, særleg om den får tonefylgje av hardingfele.

Den står i Norsk salmebok på nr. 814, er



skriven av Samuel Olsen-Bruun i 1695. Personleg føretrekkjer eg den gamle språkdrakta, eg opplever det er litt meir poesi og høgtid med den.

1 *Nu solen går ned, / og aftenen breder på jorden sin fred. / Småfuglene flyver til redene hen, / og blomster har lukket sitt øye igjen. / Så lukker seg også mitt hjerte i lønn / med gudelig bønn / med gudelig bønn.*

2 *Ha takk for idag, / Gud Fader i himlen, som fremmet min sak! / Du har meg omhegnet, alt ondt fra meg vendt, / mitt arbeid velsignet, meg lykke tilsendt. / Så mildelig timene for meg henrant, / takk skje deg så sant!*

3 *Forlat meg, min Gud, / hva jeg haver syndet imot dine bud! / Du prøver mitt hjerte og kjenner mitt pund, / du hørte hvert ord som gikk ut av min munn, / La være hva deri var syndig og slemt, / tilgivet og glemt!*

4 *Jeg vet du det gjør. / Jeg slukker mitt lys og tillukker min dør, / og søker mitt leie og legger meg ned. / Gud late meg sødelig sove i fred! / Deg, Jesus, befaler jeg trøstig i hånd / mitt legem og ånd!*

Til 3. etappe i salmestafetten vil eg utfordre Marit Løvseth Nilsen.

Ny gudstenesteforordning i Seljord sokn

På grunn av økonomiske innstrammingar i kyrkja, vil det frå årskifte 2024-25 bli ny gudstenesteforordning for Seljord sokn.

Ei gudstenesteforordning er det talet på gudstenester som biskopen føreskriv for kyrkjesoknet.

I Seljord sokn vil dette føre til at det blir noko færre messer enn kva me har hatt tidlegare. I likskap med dei andre kyrkjelydane i Vest Telemark vil dette gjeve slikt utslag hjå oss: Ein sundag i månaden vil i snitt vere utan messe.

Seljord kyrkje vil framleis ha flest messer i løpet av året, deretter kjem Flatdal kyrkje med nest flest, og Åmotsdal med färrast messer i året.



Seljord sokn på nett

Du kan finne Seljord sokn på ulike nettstadar. Fyrst og fremst på vår eigen heimeside. Denne finn du på nettadressa www.seljordkyrkje.no

På heimesida vil du til ein kvar tid finne oppdatert informasjon om kva som skjer i kyrkja. Her kan du også melde dåp og melde

deg til konfirmasjon. Og treng du å komme i kontakt med ein av oss som arbeider i kyrkja, så finn du kontaktinformasjon på heimesida.

I tillegg til dette finn du eigne sider for dei tre hovudkyrkjene våre på Facebook.

Slekters gang

Døypte

Seljord

Tarjei Hustveit Veting
Peder Skjetne Bakkan
Einar Særsland Eikland
Tarjei Hefre
Maria Skaret-Sandsdalen

Flatdal

Håkon Haugum Nordskog
Johanne Hansen Haugsvold
Ånond Reinskås
Ivo Abrahamsen-Volhovd
Marit Haugseth Aase
Thale Brårmø Thunberg
Karoline Haugsvold

Vigde

Seljord

Trude Wallin Haugen og Dag Svartdal

Flatdal

Emilie Røkås og Asgeir Sundbø Storrusten
Nina Cathrine Bakkejord Nikolaisen og Tor
Einar Olaisen

Nutheim

Bente Kirstine Bjørnstad og Eirik Haugen

Døde

Seljord:

Gunnar Tovslid
Arvid Aarbakk
Arne Roheim
Inger Moen
Johannes Kvåsgard
Jon Storlid
Anne Hilde Stenstad
Hans Nordstoga
Jan Dag Kristoffersen

Flatdal:

Olaug Inger Øverbø
Ingebjørg Aakre Jørgensen
Anne H. Svartdal

Treng du

- Nokon å snakka med?
- Ein lyttar?
- Forbøn?

Livet går ikkje alltid på skinner. Iblant strevar vi. Det kan vera hendingar i livet som er vanskeleg å takle og finna ut av eller du lurar på noko? Medarbeidar i kyrkja har erfaring og kompetanse til å møta menneske med ulike behov og livssituasjonar.

Tilbodet er gratis og vi har teieplikt.

Sokneprest

Dag Harald Undheim

Tlf: 907 78 921

E-post: dag.harald@seljordkyrkje.no

Diakon

Ingunn Liseter Tlf: 976 82 694 E-post: ingunn@seljordkyrkje.no

ALLTID OPEN KIRKENS SOS

TLF. 22 40 00 40 soschat.no
kirkens-sos.no

Seljord sokn
Brølusvegen 48
3840 SELJORD

Kyrkjelydsbladet Helg og Høgtid for Seljord, Flatdal og Åmotsdal er avhengig av stønad for å dekke utgifter til trykking og produksjon av bladet.

De kan betale inn til kontonummeret på denne giroen (2711 20 31826), eller på Vipps til: #650484 Seljord sokn.

Vi er takksame for alle gaver!

Betalingsinformasjon		GIRO		Betalingsfrist	
<input type="checkbox"/> Betalt til		<input type="checkbox"/> Underskrift ved girering		<input type="checkbox"/> Betalingsfrist	
Helg og Høgtid Brølusvegen 48 3840 SELJORD					
<input type="checkbox"/> Belast konto		<input type="checkbox"/> Øre		<input type="checkbox"/> Til konto	
				< > 2711 20 31826	
<input type="checkbox"/> Kundetilføring (KID)		<input type="checkbox"/> Kroner		<input type="checkbox"/> Kvittering tilbake	
H				Blankettnummer	

GIRO F60-1 NFI 12.09

Føremiddagstreff i Seljord



Åresalg og gevinstbord formiddagstreff

Det har blitt ein hyggeleg tradisjon å samlast til føremiddagstreff på Seljord misjonshus ein fredag i månaden. Me brukar den siste fredagen i kvar månad, og det varer frå kl 11.00 til 13.00.

Me har god mat, det er oftast ståande buffé med brød og pålegg, og alltid eit kakestykke til kaffien.

Av programmet kan vi nemne andakt, og mykje song. Organist Kjetil er med oss, og han spelar både piano og hardingfele. Det er diaconen Ingunn som leiar desse samværa, og ho har ei gruppe med friviljuge med seg.

Ofte er det tid til små konkurransar ved borda og mange gonger blir det opplesing både av dikt og små stykke.

Kvar gong har me utlodding, og ein kan vinne fine gevinstar.

Sidan desse treffa er på føremiddagen, passar det best for pensjonistar, men alle som har fri ein fredags føremiddag er sjølv sagt hjarteleg velkomne. I fjar hadde me litt hjelp av elevar frå Seljord ungdomsskule som hadde valfaget «Innsats for andre». Me håpar på vidare samarbeid med dei.

Har du bruk for skyss kan du ringe Kyrkjekontoret (976 82 694) eller Kjell Johan Nenseter (951 32 489)

Datoane denne hausten er 27. september, 25. oktober og 29. november.

Me håpar å sjå deg!

Bergit Lisleåsheim Telnes

**BYGGMESTER
T.A. GUSTAVSEN AS**



TLF. 975 17 817
byggmester@live.no



AASMUNDSEN BAKERI



FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVARER**

Gravsteiner Notodden
Det skal lønne seg å handle lokalt



Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43



**Morgedal
Rør as**

post@moredalror.no - 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord

**KLÆR T.TVEITAN % INTERIØR-
TEKSTIL**

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86



Føre-middagstreff

Misjonshuset i Seljord
Fredag kl. 11.00 – 13.00.
27. september, 25. oktober,
29. november

Sion Flatdal
Tysdag 11.00 – 13.00
10. september, 15. oktober
12. november, 10. desember

Steinmoen - Åmotsdal
Fredag kl. 11.00 – 13.00
22. november

Formiddagsmat og kake, åresalg,
Andakt og song skapar fellesskap.

Velkommen er du!

Treng du skyss, ta kontakt:
Diakon/trusopplærar Ingunn Liseter,
Mobil: 976 82 694
E-post: ingunn@seljordkyrkje.no

DEN NORSKE KIRKJA
Seljord kyrkjelyd



For born og familiar i barnehage og småskulen.

Middag, aktivitetar, leik, song og forteljing frå bibelen. Kl. 16.30 – 18.00

Tysdag 17. september
Tysdag 15. oktober
Tysdag 5. november
Tysdag 3. desember

VELKOMEN ER DU - LITEN OG STOR!

Diakon og trusopplærar
Ingunn Liseter tlf: 976 82 694
E-post: ingunn@seljordkyrkje.no

Velkommen er du!

Tysdagsklubben; moro for store og små

Ein gong i månaden møtest me på Misjonshuset i Seljord. Ungane kjem rett frå barnehage og SFO. Difor startar me alltid med eit varmt måltid for både born og vaksne. På menyen står det både lapskaus, suppe, pølse og potetmos, graut og pizza. Det vert ofte fullt rundt borda dersom det er mange ungar og ein god del vaksne til stades.

Det siste halvåret har det ikkje kome så mange til desse samlingane, så eg trur det kan vera tid for å minne dykk småbarnsforeldre på kor godt dette tilbodet er. **Tenk å få ferdig middag for heile familien rett etter barnehage, jobb og SFO, heilt gratis!**

Etter måltidet, er det tid for Bibelforteljing og song. Nokre gonger brukar me flanellograf eller andre biletar, andre gonger hender det at me leikar noko av det som blir fortalt om Jesus.

Som regel har me ein hobbyaktivitet der ungane lagar ulike ting som dei får med seg heim. På desembersamlinga har me alltid juleverkstad der kvart barn kan lage to-tre ting til pynt eller julegåver.

Det vankar ofte ein kopp kaffi eller te til dei vaksne og høve til ein koseleg prat med andre vaksne medan ungane driv med hobbyaktivitetar.

Me har halde på med denne kubben i nokre år no, og gler oss til å møte både ungar og vaksne på desse samlingane.

Det kostar 50,- kr pr barn for eit heilt år å vera med på Tysdagsklubben. Denne avgifta må betalast for at me skal få stønad fra Sundagsskuleforbundet.

Datoane denne hausten er 17.september, 15.oktober, 5.november og 3.desember klokka 16.30 – 18.00.

Me har eigen Facebook-side. Der kan du finne opplysningar om neste møte. På grunn av serveringa kan det vera greitt at du skriv der kor mange som kjem.

Vel møtt for alle frå 0 til 100 år til hausten!

Helsing Anne Karin Nenseter, Kari Synnøve Skoland Rue, Kristine Heimdal Kleiv, Ingunn Liseter og Bergit Lisleåsheim Telnes

Frivillig medarbeidar

Vil du vere med på å gjere ein frivillig innsats i kyrkja?

Me treng fleire som kan vere med på desse oppgåvene:

Kyrkjeskyss til messe i Seljord, Flatdal og Åmotsdal. Oppgåva går ut på å køyre eldre som vil til kyrkja, men som ikkje heve moglegheit til å få dette til på eiga hand.

Vakttelefonen til Kirkens SOS i Telemark. Det er stadig bruk for fleire medarbeidarar til å vere telefonvakt/samtalepartnar på vakttelefonen til Kirkens SOS i Telemark. Opplæring blir gjeve.

For båe oppgåvene: Ta kontakt med diakon Ingunn Liseter på telefon 976 82 694.

Babysong og småbarnstrall



Det gode vertskapet på Seljord frivilligsentral og kyrkja i Seljord, inviterer til Babysong og Småbarnstrall der vi syng kjente, nye og tradisjonelle bornesongar og regler. Lunsj og godt fellesskap, ein fleirkulturell møteplass uansett tru eller livssyn.

**Onsdag 18. september, 16. oktober,
30. oktober, 20. november , 11. desember,
kl. 11.00 – 13.00. VELKOMEN!**

Veslemøy Fjerdingstad haldt kurs for oss i mai og delte erfaringar og praksis om formidling av song og sullar frå sitt virke på Kongsberg. Tusen takk til Rikke på Frivilligsentralen som ordna kursdagen for oss og godt anvendte midlar frå mellom anna Seljord kommune.

Diakon og trusopplærar Ingunn Liseter

Legoklubb



**For 5. – 7. klasse
Frå skuleslutt – kl. 16.30, Torsdag:**

- 26. september
- 3. oktober
- 24. oktober
- 7. november
- 21. november
- 5. desember

På Flatdal samfunnshus

Går du på Seljord barneskule?
Ta bussen mot åmotsdal til flatdal skule.
Møter deg på busshaldeplassen.

**Måltid, lego, bibelfortelling/film,
brettspel.**

Ps! Har nokon legoklossar dei vil gje bort eller selja, er vi takksame.

Vil du vera medhjelpar, har idear til andre aktivitetar?

Kontakt diakon/trusopplærar
Ingunn Liseter

Tlf: 976 82 694
e-post: ingunn@seljordkyrkje.no

Legoklubben er et prøveprosjekt kyrkja i seljord har fått midlar til i 2024.

Seljord Normisjon hausten 2024



Sundag 8. september kl. 19.00.

Møte med tale av regionleier i Telemark Normisjon Ulf Børje Rahm.

Tysdag 17. september kl. 19.00.

Vi les i Bibelen saman.

Sundag 22. september kl. 19.00.

Møte med tale og sang av Herdis og Øyvind Jørgensen.

Måndag 23. september kl. 19.00.

Felleskristen samling.

Tysdag 1. oktober kl. 19.00.

Vi les i Bibelen saman.

Sundag 6. oktober kl. 19.00.

Møte med tale av Jens Iver Jensen.

Tysdag 15. oktober kl. 19.00.

Vi les i Bibelen saman.

Sundag 20. oktober kl. 19.00.

Møte med tale av Kjell Johan Nenseter.

Fredag 25. - sundag 27. oktober.

Bibelhelg med Arvid Hunemo, tidelegare pastor i Arendal frikirke. Møte fredag og sundag kl. 19.00, bibeltime laurdag kl. 10.30. Vi samlas til laurdagskveld på Misjonshuset kl. 18.00. Det blir kveldsmat, andakt, quiz og sang av Godt nytt frå Øyfjell.

Tysdag 29. oktober kl. 19.00.

Vi les i Bibelen saman.

Sundag 10. november kl. 19.00.

Møte med tale av Nils Jørgen Hardang.

Fredag 15. november kl. 18.00.

Basar med åresal, kaffi og kaker.

Tysdag 19. november kl. 19.00.

Vi les i Bibelen saman.

Sundag 24. november kl. 19.00.

Sang og musikk i kristen tradisjon. Vi får besøk av Kjetil Bergheim og Gunnar Ajer.

Tema for haustsemesteret er JESUS - vårt håp

Vi ønsker eder så glad en julefest

Salmekveld i Seljord kyrkje

Tysdag 26. november 2024 kl 19.00 skal det vere salmekveld i Seljord kyrkje. Arrangementet har fått tittel frå ein av Landstads mest kjende jolesalmar
– Frå fjord og fjære. I vers nummer 2 les vi denne teksten:


*Til kirken samle seg fra hver gård og grend de unge, gamle av kvinner og av menn.
Vi ønsker eder så glad en julefest,
Guds rikes gleder,
Guds fred i Jesus best.
På sorgens steder vår Herre selv vær gjest!*

Denne kvelden skal me ha fokus på det som

gjerne vert kalla dei gode gamle jolesongane. Mange etterlyser desse i dag, det vil me gjere noko med.

Arrangementet skal vere i samarbeid med Nasjonalt Landstadssenter og Seljord Normisjon, og me har fått tak i Ørnulf Hodne til å vere saman med oss denne kvelden. Etter at me er ferdige i kyrkja, blir det samvær med servering på Misjonshuset. Ørnulf Hodne vil her fortelje og kåsere om tema «Så glad en julefest».

Det kostar ingenting å kome inn i kyrkja.



Ørnulf Hodne
- biletet tilhører UiO

Jazzmesse i Seljord kyrkje

Sundag 10. november skal det vere Jazzmesse i Seljord kyrkje. I likskap med i fjar, er det Analog Jazzband som skal vere med oss på denne messa.

Song og musikk denne sundagen vil ha sterkt preg av jazz.

Messa byrjar kl 11.00, og det kostar sjølv sagt ikkje noko å kome inn.



ØVRE TELEMARK BEGRAVELSESBYRÅ


Trygt, omsorgsfullt og verdig

Inger Kjellfrid Brekke Tlf. 466 90 000
post@telemarkbegravelse.no

Vær i bevegelse

Når du løper, går eller sykler, kan turen være en bønn til Gud.

Blodet som strømmer, hjertet som slår. Luften som fyller lungene, vinden som stryker deg på kinnet. Når du beveger deg, kjenner du at du er levende. Guds hellige ånd lever i deg.



Mens du løper eller går, kan du la tankene vandre. Kanskje du finner fram til tanker du har glemt, eller tanker som ikke har noen ord? Turen kan være din bønn til Gud.

*For det er i ham vi lever, beveger oss og er til.
Apostlenes gjerninger 17,28*

Songkveldar i Flatdal

Fredag kl. 19:00
06.09
04.10
01.11
06.12

VELKOMEN!

Draumkvede i Seljord kyrkje



Draumkvede skal framførast i Seljord kyrkje – 12. februar 2025.

Det er kvedaren Kim Rysstad frå Setesdal som vil stå for framføringa. 12. februar er dato for feiring av Taraldsmesse i Seljord. Å kople Draumkvede til Taraldsmesse er ein god kombinasjon.

Arrangementet vil bli gjennomført som konsert med inngangspengar. Kim Rysstad har sagt at han vil legge på ein del andre songar og salmar, slik at det vil bli ein litt lengre konsert enn berre Draumkvede.

Meir info vil kome på kyrkja sine nettsider og i lokalavisa.



Steinsrudvegen 7, 3840 Seljord | Tlf: 35 08 41 00 | post@seljordvarme.no

Gudstenester

15.s.i treeiningstida – 01. sept

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Krosslimusikken deltek
Offer: Seljord Misjonshus

16.s.i treeiningstida – 08. sept

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

17.s.i treeiningstida – 15. sept

Dyrskuplassen kl. 11.00
Familiemesse
Korskulen i Bø deltek
Offer: Kirkens Nødhjelp

18.s.i treeiningstida – 22. sept

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

19.s.i treeiningstida – 29. sept

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

20.s.i treeiningstida – 06. okt

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Familiemesse
Utdeling av fireårsheelsingar
Offer: Trusopplæringa

22.s.i treeiningstida – 20. okt

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

23.s.i treeiningstida – 27. okt

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Helgemesse – 03. nov

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Flatdal kyrkje kl. 16.00
Seljord kyrkje kl. 19.00
Minnegudstenester

25.s.i treeiningstida – 10. nov

Seljord kyrkje kl. 11.00
Jazzmesse
Offer: Kirkens bymisjon Telemark.
Presentasjon konfirmantar

26.s.i treeiningstida – 17. nov

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Kirkens bymisjon Telemark

Domssundag – 24. nov

Seljord kyrkje kl. 11.00
Familiemesse
Utdeling helsing til 5-6 åringer
Offer: Trusopplæringa

1.s.i adventstida – 01. des

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Åmotsdal kyrkje kl. 17.00
Ljosmesse både stader
Utdeling helsing til 5-6 åringer
Offer: Trusopplæringa

2.s.i adventstida – 08. des

Seljord kyrkje kl. 18.00
Ljosmesse
Utdeling helsing til 5-6 åringer
Offer: Ungdomsarbeidet

3.s.i adventstida – 15. des

Nes bedehus kl. 11.00
Adventsmesse
Offer: Nes bedehus

4.s.i adventstida – 22. des

Nutheim kapell kl. 19.00
Nattverdmesse
Offer: Ungdomsarbeidet

Joleftan – 24. des

Åmotsdal kyrkje kl. 13.00
Flatdalkyrkje kl. 15.00
Seljord kyrkje kl. 15.00
Seljord kyrkje kl. 16.00
Offer: Kirkens Nødhjelp

1. joledag – 25. des

Seljord kyrkje kl. 12.00
Høgtidsmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

4. joledag – 28. des

Åmotsdal kyrkje kl. 17.00
Fest på Grendehuset etter messa
Offer: Kyrkjelydsarbeidet og Betel
pinsemenighet

Nyårseftan – 31. des

Seljord kyrkje kl 16.00
Messe når året vender
Offer: Kirkens SOS i Telemark

2.s.i. openberring – 12. jan

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

3.s.i. openberring – 19. jan

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

5.s.i openberring – 02. febr

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Seljord Misjonshus

6.s.i openberring – 09. febr

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Taraldsmesse – 12. febr

Seljord kyrkje kl. 18.00
Kort messe – deretter konsert:
Draumkvede ved Kim Rysstad

Såmannssundag – 16. febr

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Bibelselskapet

Fastelavnssundag – 02. mars

Seljord Misjonshus kl. 11.00
Familiemesse
Offer: Tysdagssklubben

Oskeondag – 05. mars

Seljord kyrkje kl. 19.00
Nattverdmesse med skriftemål
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

1.s.i. fastetida – 09. mars

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

2.s.i. fastetida – 16. mars

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

Endringar kan koma

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

